



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 08.11.2018  
**Møtetid:** Kl. 16.00 - 19.35  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Bright Olav Gåsdaal	A
Harald Boge	A
Nils Aadland	A
Vidar Tveiterås	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Solveig Vassenden	BL
Gunnar J. Bruvik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Inge Aasgaard	KRF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP
Jon Magne Bøgevik	UAVH

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Olaug Karin Øystese	A	Roger Gjerde Urås	A
Martin Haugen	BL	Bjarte Linga	BL
Gunn Totland Moss	KRF	Kristian Jørgensen	KRF

### Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Leiar sørvissestere Marianne Soleng
- Leiar kulturkontoret Meline Heimdal Haugland (sak 041/18)
- Kjell Magnus Økland (under presentasjon av Kystsøgeveke)

Vedlegg til møteprotokollen:

- Svar på interpellasjon om matsvinn
- Svar på interpellasjon om klimatiltak
- Svar på interpellasjon om ordførarløn

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Marianne Soleng

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 14.11.2018

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Marianne Soleng  
avdelingsleiar sørvissenteret

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
040/2018	18/1628	Faste saker	
041/2018	18/783	Søknad om underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft	
042/2018	18/578	Vurdering av mellombels kjøp av IKT-driftstenester frå IKT Nordhordland	
043/2018	18/1564	Rutine for tilsyn med barnehagar i Midthordaland kompetanseregion	
044/2018	18/809	Krav om lovlegkontroll av Samnanger kommune sitt vedtak om å finansiera bygging av nytt bufellesskap	
045/2018	18/433	Revidering av eigedomsskattevedtekter for Samnanger kommune	
046/2018	18/1485	Kommunalt tilskot til private barnehagar 2019	
047/2018	18/619	Nytt innkjøpsreglement for Samnanger kommune	
048/2018	18/554	Fastsetjing av planprogram for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet - Kvamskogen	

## SAKNR. 040/2018: Faste saker

### 08.11.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Det var ingen merknader til protokolle frå førre møte.

#### Kystsovevekene

Presentasjon av "Kystsovevekene" med Kjell Magnus Økland.

#### Orienteringssaker:

##### Vindmøller

Ordføreren orienterte om NVE sitt arbeid med ein nasjonal ramme for vindkraft på land. I brev til kommunen datert 08.06.2018 og 05.09.2018 skriv NVE at det i denne omgang er fagleg informasjon av overordna karakter dei ønskjer. Fristen for å gje slik tilbakemeldingar var 20.10.2018.

Ordføreren informerte om at fleire av nabokommunane til Samnanger har gjeve tilbakemelding av ein meir politisk karakter. NVE seier i samtale med ordførar, at desse innspela ikkje vert tekne med i denne omgang. På eit seinare tidspunkt i prosessen, vil vera høve til å komma med politiske innspel og meir generelle synspunkt på den nasjonale ramma. Truleg etter april 2019.

##### Kvalitetsdialog - Barnefattigdom

Ordføreren fortalte om korleis leiinga og formannskapet arbeidde med dette temaet i kvalitetsdialogen i 2018. Rådmannen fortalte om korleis dei ulike einingane arbeider førebyggjande og aktivt for å få ned talet på fattige born i kommunen. Kulturkontoret sine mange gratistilbod for born er eit eksempel på dette. Nav-kontoret skal også starta opp eit prosjekt der det vert fokuset på førebygging.

##### Botnahytta

Ordføreren fortalte at han hadde hatt eit møte med fylkeskonservatoren om Botnahytta. Grunneigaren var også invitert ,men møtte ikkje på dette møtet. Utfallet av møtet var at fylkeskonservatoren ville mellombels freda hytta. Prosessen med å finna ei god løysing vil halda fram.

#### Utvalet sitt kvarter:

##### Kostnader - Nytt bufellesskap for funksjonshemma på Stottebakken

Karl Bård Kollbotn (Frp) viste til kommunestyrevedtak (KS 039/18) der administrasjonen og byggekomiteen fekk i oppdrag å sjå på innsparingar undervegs i prosjektet. Han ser det som positivt at administrasjonen har fått laga ein rapport med forslag til innsparingstiltak i prosjektet.

Han stilte følgjande spørsmål:

- 1) Kvifor vart ikkje denne studien gjennomført før kommunestyret fatta vedtak om bygging?
- 2) Vart det ikkje stilt spørsmål til kostnadane i prosjektet av administrasjonen?
- 3) Er det for seint å få gjennomført nokon av innsparingstiltaka?
- 4) Vil administrasjonen gjera liknande studier i framtidige prosjekt?
- 5) Har administrasjonen nok kompetanse til å vurdere kostnadane i slike prosjekt?

Rådmannen svara på spørsmåla:

- 1) Studien vart ikkje gjennomført før vedtaket i KS, fordi planen var at kommunen skulle bruka ein intern prosjektledar som var tilsett i Samnanger kommune. Det var sett av 30% stilling til dette.
- 2) Administrasjonen stilte spørsmål om kostnadane, men ein ser i ettertid at det brude vore sett av meir tid på dette.
- 3) Det er ikkje for seint å få gjennomført innsparingstiltak. Kommunen har ein dialog med Abo om dette. Det er mogleg å spara på standarden uten at det går utover kvaliteten som på f.eks rekkverk, glasstak og naturstein. Størrelsen på bygget vert som planlagt. 01.01.2020 vert det innført krav om dagsenter får funksjonshemma. Med dette bygget vil me då alt ha rom til denne typen aktivitet.
- 4 og 5) Administrasjonen vil gjera liknande studier i framtidige prosjekt. Det vil verta kjøpt inn kompetanse der ein ser dette trengs. Ein lite organisasjon som Samnanger kommune kan ikkje har kompetanse på alt.

#### Trafikkurs for eldre

Leiar i eldrerådet Solveig Vassenden (Bl) har vore på fylkeskommunen sin to dagars eldrerådskonferanse i Bergen. Der fekk ho inspirasjon til å arrangera traffikalt påbyggingskurs for eldre over 65 år. Dette håpar ho på at eldrerådet i Samnanger skal få til å gjennomføra.

#### Julegåver - barnefattigdom

Monica Tjønna (Sp) oppfordra kommunestyremedlemmane til å ta med kvar si julegåve på julemøte i kommunestyret 13.desember. NAV får i oppdrag å kan dela ut gåvene til barnefamiljar med låg inntekt.

Det er eit ønskje om at kommunestyret får opplysningar om kva aldersgruppe desse borna er i. Heile kommunestyret slutta seg til denne oppfordringa.

#### Bygningsmassen i Samnanger

Odd Arne Haga (Frp) viser til kommunestyret sitt vedtak om å optimalisera bygningsmassen i kommunen. Han spør om kva administrasjonen har gjort med dette til no. Rådmannen fortel at dette vert teke med i eigeomsplanen som skal utarbeidast, og ligg som ein del budsjettet. Saka skal handsamast politisk i juni 2019.

#### Hendelse på legekantoret

Odd Arne Haga (Frp) undrar seg over ei hending der ein skada, eldre pasient vart avvist på legekantoret då legen er i ferd med å gå for dagen.

Rådmannen undersøkjia saka.

#### **Interpellasjonar:**

##### Matsvinn

Øyvind Strømmen (MDG) las opp interpellasjonen.  
Rådmannen las opp svaret frå administrasjonen.  
Svaret ligg som vedlegg til denne møteprotokollen.

##### Klimatiltak

Øyvind Røen (Sp) las opp interpellasjonen med følgjande fremlegg til vedtak:  
*Rådmannen legg i første kvartal 2019 fram ei sak for kommunestyret om korleis Samnanger kommune kan arbeida vidare med å auka innsatsen mot menneskeskapte klimaendringar. I denne saka skal det vurderast om det skal lagast ein ny klimaplan eller om det er andre tiltak som er meir føremålstenlege.*

Rådmannen las opp svaret frå administrasjonen.  
Svaret ligg som vedlegg til denne møteprotokollen.

Framlegget frå Øyvind Røen (Sp) vart samrøystes vedteke.

### Ordførarløn

Arild Røen (H) las opp interpellasjonen med følgjande framlegg til vedtak:

*Ordførar i Samnanger si løn skal aukast til 85% av stortingsrepresentantane si løn. Forslaget vil sjølvstøtt påverke godtgjersla til alle andre folkevalde. Saka vert utgreidd slik at dette vert innarbeidd i budsjett for 2019.*

Rådmannen las opp svaret frå administrasjonen.

Svaret ligg som vedlegg til denne møteprotokollen.

Framlegget frå Arild Røen (H) vart vedteke med 17 mot 4 røyster.

Dei som røysta imot forslaget var: Øyvind Strømmen (MDG), Knut Harald Frøland (Bl), Øyvind Røen (Sp) og Monica Tjønnå (Sp).

### **KS- 040/2018 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegererte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegererte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 041/2018: Søknad om underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft**

### **08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte innleiingsvis om at det står feil årstal i saksframlegget og i framlegg til vedtak. Administrasjonen rettar opp i dette.

Brigt Olav Gåsdal (A) bad om eit gruppemøte.

Etter gruppemøte sette Øyvind Strømmen (MDG) fram utsettingsforslag på vegne av Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne og Jon Magne Bøgevik (uavhengig).

Rådmannen og leiar for kulturkontoret orienterte om kva krav kommunen ville stilla i ein eventuell avtale med arrangøren.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Øyvind Strømmen (MDG) utsettjingsforslaget og sette fram følgjande framlegg til vedtak på vegne av Ap, Høgre, KrF, MDG + uavhengig (Bøgevik):

*Tillegg til formannskapet sitt framlegg:*

*Før garanti kan gjevast må følgjande på plass:*

*- Arrangøren må ha eit registrert organisasjonsnummer*

*- Arrangøren må leggja fram eit fullstendig budsjett*

*- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleiekontrakt*

(Datoar i formannskapet sitt framlegg må i tillegg rettast)

Det vart røysta i to runder i denne saka. Først vart det røysta om tilleggga (lagt fram av Strømmen) skulle leggjast til formannskapet sitt framlegg eller ikkje.

Det vart samrøystes vedtek at desse tilleggga skulle takast med i andre røysterunde i saka.

Deretter vart det røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak inkludert tilleggga frå A, H, KrF, MDG og Jon Magne Bogevik (uavh.).

Resultatet av røystinga vert som følgjer:

For framlegget frå FO inkl. tillegg	Imot framlegg frå FO inkl. tillegg
Brigt Olav Gåsdaal (A)	Nils Aadland (A)
Vidar Tveiterås (A)	Kristian Jørgensen (KrF)
Roger Gjerde Urås (A)	Jon Magne Bogevik (uavh.)
Harald Boge (A)	Øyvind Røen (Sp)
Øyvind Strømmen (MDG)	Monica Tjønnå (Sp)
Inge Aasgaard (KrF)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Karl B. Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus	
Bjarte Linga (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
<b>Totalt: 16 røyster for</b>	<b>Totalt: 5 røyster imot</b>

Framlegget frå formannskapet inkl. tilleggga frå A, H, KrF, MDG og Jon Magne Bogevik (uavh.) vart vedteke med 16 mot 5 røyster.

#### **KS- 041/2018 Vedtak:**

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som innheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Før garanti kan gjevast må følgjande på plass:

- Arrangøren må ha eit registrert organisasjonsnummer.
- Arrangøren må leggja fram eit fullstendig budsjett.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakt.



## 25.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Leiar kultur, Meline Heimdal Haugland, orienterte om at punktet i vedtaksframlegg om at konserten vert avslutta kl. 00.30 kan takast vekk. Politiet vil ha høve til å gje løyve til at konserten eventuelt kan avsluttast seinare enn kl. 00.30.

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

*"Punktet om at konserten vert avslutta kl. 00.30, vert fjerna."*

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at midlane til underskotsgarantien vert foreslått løyvd frå disposisjonsfondet.

Det vart under formannskapet si handsaming avklart at saka skal vidare til handsaming i kommunestyret 08.11.2018.

Det vart til slutt gjennomført røysting over rådmannen sitt framlegg, med følgjande justeringar/tillegg:

- Punktet om at konserten vert avslutta kl. 00.30, vert fjerna.
- Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Det justerte framlegget vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Odd Arne Haga (Frp)
Arild Røen (H)	
Olaug Øystese (A)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

## FORM- 052/2018 Vedtak:

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggast ved oppdatert plan for gjennomføring som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.

- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som innheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Konserten vert avslutta kl 00.30.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019.

## **SAKNR. 042/2018: Vurdering av mellombels kjøp av IKT-driftstenester frå IKT Nordhordland**

### **08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han er onkel til den eine av dei to IKT-tilsette i kommunen. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans.

14 medlemmer røysta for at Øyvind Røen er ugild i saka, og 6 røysta for at han er gild. Øyvind Røen deltok derfor ikkje i handsaminga av saka.

<b>Ugild</b>	<b>Gild</b>
Roger Gjerde Urås (A)	Nils Aadland (A)
Harald Boge (A)	Bright Olav Gåsdal (A)
Øyvind Strømmen (MDG)	Vidar Tveiterås (A)
Kristian Jørgensen (KrF)	Inge Aasgaard (KrF)
Sture Tveit (H)	Arild Røen (H)
Karl B. Kollbotn (Frp)	Jon Magne Bogevik (uavh.)
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Bjarte Linga (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Monica Tjønnna (Sp)	

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dette vart samrøystes vedteke.

### **KS- 042/2018 Vedtak:**

Kommunestyret vedtok 14.06.2018 (sak 024/2018) at Samnanger ønskjer å gå inn i det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland. I påvente av avgjerd om kommunen får gå inn i IKT Nordhordland, får rådmannen fullmakt til å inngå avtale på opptil 6 månader med IKT Nordhordland om kjøp av IKT-driftstenester. Avtalen må inngåast i samsvar med lov- og regelverket som gjeld for offentlege innkjøp. Oppstart av avtalen må vera seinast 01.01.2019.

I avtaleperioden skal kommunen tilsluttast IKT Nordhordland sitt nettverk og kommunen sine programvareløysingar skal overflyttast til IKT Nordhordland. Dette skal gjerast innanfor den

økonomiske ramma som kommunestyret vedtok i sak 024/2018, maksimalt 1,25 millionar kroner.

Kommunestyret understrekar at det er viktig at kommunen sine IKT-tilsette vert godt ivaretekne i prosessen, og at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp. Begge IKT-konsulentane skal vera sikra fast 100% stilling enten i Samnanger kommune eller ved IKT Nordhordland etter avtaleperioden.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtok 14.06.2018 (sak 024/2018) at Samnanger ønskjer å gå inn i det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland. I påvente av avgjerd om kommunen får gå inn i IKT Nordhordland, får rådmannen fullmakt til å inngå avtale på opptil 6 månader med IKT Nordhordland om kjøp av IKT-driftstenester. Avtalen må inngåast i samsvar med lov- og regelverket som gjeld for offentlege innkjøp. Oppstart av avtalen må vera seinast 01.01.2019.

I avtaleperioden skal kommunen tilsluttast IKT Nordhordland sitt nettverk og kommunen sine programvareløysingar skal overflyttast til IKT Nordhordland. Dette skal gjerast innanfor den økonomiske ramma som kommunestyret vedtok i sak 024/2018, maksimalt 1,25 millionar kroner.

Kommunestyret understrekar at det er viktig at kommunen sine IKT-tilsette vert godt ivaretekne i prosessen, og at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp. Begge IKT-konsulentane skal vera sikra fast 100% stilling enten i Samnanger kommune eller ved IKT Nordhordland etter avtaleperioden.

## **SAKNR. 043/2018: Rutine for tilsyn med barnehagar i Midthordaland kompetanseregion**

**08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS- 043/2018 Vedtak:**

Samnanger kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Fusa, Tysnes, Vaksdal og Samnanger som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

**25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 050/2018 Vedtak:**

Samnanger kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Fusa, Tysnes, Vaksdal og Samnanger som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Fusa, Tysnes, Vaksdal og Samnanger som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

**SAKNR. 044/2018: Krav om lovlegkontroll av Samnanger kommune sitt vedtak om å finansiera bygging av nytt bufellesskap****08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Kommunestyret opprettheld vedtaket sitt av 13.09.2018 i sak 039/2018.*

*Det innkomne kravet om lovlegghetskontroll vert vidaresendt til fylkesmannen for handsaming.*

Det vart røysta over dette framlegget frå ordføraren. Framlegget vart vedteke med 18 mot 3 røyster. Dei som røysta imot var dei tre representantane frå Frp (Karl B. Kollbotn, Odd Arne Haga og Gunnar Bruvik).

**KS- 044/2018 Vedtak:**

*Kommunestyret opprettheld vedtaket sitt av 13.09.2018 i sak 039/2018.*

*Det innkomne kravet om lovlegghetskontroll vert vidaresendt til fylkesmannen for handsaming.*

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**SAKNR. 045/2018: Revidering av eigedomsskattevedtekter for Samnanger kommune****08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS- 045/2018 Vedtak:**

Eigedomsskattevedtekter vert vedtatt slik dei ligg føre og vil gjelde frå 01.01.2019.

Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattevedtektene som vart vedtekne 26.11.2015.

**25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) foreslo at i framtidige tilsvarande saker bør endringar i forhold til noverande vedtekter uthevast i teksten.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**FORM- 045/2018 Vedtak:**

Eigedomsskattevedtekter vert vedtatt slik dei ligg føre og vil gjelde frå 01.01.2019.  
Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattevedtektene som vart vedtekne 26.11.2015.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eigedomsskattevedtekter vert vedtatt slik dei ligg føre og vil gjelde frå 01.01.2019.  
Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattevedtektene som vart vedtekne 26.11.2015.

## **SAKNR. 046/2018: Kommunalt tilskot til private barnehagar 2019**

**08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordføraren stilte spørsmål om sak om tilskot til private barnehagar måtte til politisk handsaming kvart år, eller om dette kan unngåast.

Administrasjonen undersøker reglane rundt dette.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS- 046/2018 Vedtak:**

Vedtaket er gjort med heimel i " Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ". Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2017 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2017.

Tilskotssatsane vert som fylgjer:

Tilskotssats pr heiltidsplass	Kommunal sats	Tilskot til ped. bemanning (Statleg sats) §5a	Kapitaltilskot (Statleg sats) §6
Born under 0 til 2 år	194 590	2 214	9 200
Born frå 3 – 6 år	92 137	1 230	9 200

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2018 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2019.

Dei endelege satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.

**25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 046/2018 Vedtak:**

Vedtaket er gjort med heimel i " Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ". Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2017 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2017.

Tilskotssatsane vert som fylgjer:

Tilskotssats pr heiltidsplass	Kommunal sats	Tilskot til ped. bemanning (Statleg sats) §5a	Kapitaltilskot (Statleg sats) §6
Born under 0 til 2 år	194 590	2 214	9 200
Born frå 3 – 6 år	92 137	1 230	9 200

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2018 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2019.

Dei endelege satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtaket er gjort med heimel i " Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ". Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2017 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2017.

Tilskotssatsane vert som fylgjer:

Tilskotssats pr heiltidsplass	Kommunal sats	Tilskot til ped. bemanning (Statleg sats) §5a	Kapitaltilskot (Statleg sats) §6
Born under 0 til 2 år	194 590	2 214	9 200
Born frå 3 – 6 år	92 137	1 230	9 200

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2018 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2019.

Dei endelege satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.

## **SAKNR. 047/2018: Nytt innkjøpsreglement for Samnanger kommune**

### **08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak som eit tillegg til rådmannen sitt framlegg:

*Punkt 5.3 i økonomireglementet vert sett ut av kraft med verknad frå 09.11.2018, og erstattes med følgjande:*

*Samnanger kommune stiller følgjande krav for å forhindra sosial dumping og å leggja til rette for seriøse aktørar.*

*1. Arbeidet skal utførast av tilbyder og dennes tilsette i tenesteforhold, eller av på førehand avtalte*

underentreprenører og deira tilsette. Tilbyder skal til eikvar tid kunne framlegga dokumentasjon på tilsettingsforholdet.

2. Ved bruk av innleigd arbeidskraft skal det vera avtalt med byggherren. Innleige skal gjerast i samsvar med arbeidsmiljølova (AML), og det skal dokumenterast at innleigd arbeidskraft har orda løns- og arbeidsvilkår. Innleigde skal være fast tilsett med løn mellom oppdrag i utleigebedrifta.

3. Norsk er hovudspråk på byggeplassen, både skriftleg og muntleg. Personar som har leiande funksjoner på byggeplassen, skal beherska norsk.

4. Alle arbeidstakare på byggeplassen skal ha kjennskap om og forstå sikkerheitsopplæring, sikkerheitsinstruksar, bruksanvisningar, varselskilt m.v. Dersom det er arbeidstakare på byggeplassen som ikkje forstår norsk, er det tilbyders ansvar at desse får sikkerheitsinstruksjonar på eit språk dei forstår.

5. Tilbyder og underentreprenører som skal engasjeras i prosjektet, skal vera godkjende og aktive lærlingbedriftar. Lærling(ar) skal delta i arbeidet med utførelse av den aktuelle kontrakten. Evt. unntak skal særskilt begrunnast.

6. Avtale om underentreprise med enkeltpersonforetak skal avtalast med byggherren.

7. Byggherren tillater ikkje meir enn to ledd i kontraktskjeda. Byggherren kan godkjenne tre ledd når det forelegg ein god begrunnelse. Det skal aldri vera meir enn tre ledd i kontraktskjeda. Hovedentreprenøren regnes som første ledd. Bemanningsforetak etter AML's § 14.2 reknast som eit ledd i kontraktskjeda.

8. Byggherren kan krevja dagmulkt dersom tilbyder sjølv eller noken av hans kontraktsmedhjelpare anvender ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft og forholdet ikkje er blitt retta innan ein frist gitt ved skriftleg varsel frå kommunen. Mulkten løper frå fristens utløp til forholdets opphør.

9. Tilsette skal ikkje ha dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn vilkåra som er fastsatt i tariffavtale for tilsvarende arbeidare innafor den aktuelle bransje. Dette gjeld og innleigd arbeidskraft. Ved konstatert brot på ovannevnte bestemmelse, og tilbyder ikkje har rettet feilen innan fristens utløp, kan byggherren heva kontrakten. Evt. andre sanksjonsmoglegheitast kan avtalast i kontrakt.

10. Tilbyder skal på oppfordring leggja fram dokumentasjon om løns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette. Alle avtalar tilbyder inngår, og som inneber utføring av arbeid under gjeldande kontrakt, skal innehalde tilsvarande dokumentasjon.

11. Løn og anna godtgjersle for samtlege arbeidstakare skal utbetales til konto i bank. Byggherren skal i tillegg til dei vanlege dokumentasjonskrava kunne følgje pengestrømmen ut til dei tilsette.

12. Tilbyder skal dokumentera at majoriteten av dei tilsette (også evt. innleigde) er faglærde innafor sitt fagområde. Med faglærde forstås fagbrev/mesterbrev eller tilsvarande formell utdanning.

13. Alle firma i kontraktskjeda skal gje byggherren fullmakt til å innhenta relevante skatteopplysningar (SKAV-skjema) fra Skatteetaten, både før kontraktsinngåing og i heile kontraktsperioden.

14. Det skal vera elektronisk adgangskontroll på byggeplassen.

15. Tilbyder pliktar å sørge for at likelydande bestemmelsast (pkt. 1-14) inntast i kontraktast med underentreprenører.

Samnanger kommune krev at tilbydare forhold seg til intensjonast i dette vedtaket som er å fremmjast

*eit seriøst arbeidsliv med bruk av faste tilsette.*

*Omgåing og tilpasningar vil ikkje verta akseptert, og kan føra til at byggherren opphevar kontrakt.*

Det vart røysta i to omgangar i denne saka. Først vart det røysta over om tillegga frå Tjønna skulle takast med eller ikkje.

Det vart samrøystes vedteke at tillegga frå Tjønna skulle takast med.

Deretter vart det røysta over rådmannen sitt framlegg inkludert tillegga frå Tjønna.

Dette vart samrøystes vedtaka.

#### **KS- 047/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til nytt innkjøpsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld med verknad frå 09.11.2018.

Punkt 5.1 i økonomireglementet vert med verknad frå 09.11.2018 endra til:

Rådmannen skal leggja fram framlegg til investeringar ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjettet. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for - og pålegg om - at investeringsprosjekt skal detaljplanleggjast og gjennomførast.

Sjølv om eit investeringsprosjekt er vedteke i årsbudsjettet, kan det ikkje setjast i gang før det er gjort vedtak om dette av kompetent mynde. Følgjande reglar gjeld i slike tilfelle:

- Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på opptil 10 millionar kroner, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.
- Vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på over 10 millionar kroner må gjerast av kommunestyret, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.

Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån som kommunestyret har gjort vedtak om i finansieringsplanen for eit investeringsprosjekt. Investeringsprosjekt kan ikkje setjast i gang før endeleg finansiering er i orden.

Fullmakt til å velja leverandør/leverandørar i investeringsprosjekt er delegert til rådmannen, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.

Avvik mellom kostnadsoverslag og prosjektrekneskap skal snarast mogleg rapporterast til formannskapet og kommunestyret.

*Punkt 5.3 i økonomireglementet vert sett ut av kraft med verknad frå 09.11.2018, og erstattes med fylgjande:*

*Samnanger kommune stiller fylgjande krav for å forhindra sosial dumping og å leggja til rette for seriøse aktørar.*

*1. Arbeidet skal utførast av tilbyder og dennes tilsette i tenesteforhold, eller av på førehand avtalte underentreprenørar og deira tilsette. Tilbyder skal til eikvar tid kunne framlegga dokumentasjon på tilsettingsforholdet.*

*2. Ved bruk av innleigd arbeidskraft skal det vera avtalt med byggherren. Innleige skal gjerast i samsvar med arbeidsmiljølova (AML), og det skal dokumenterast at innleigd arbeidskraft har orda løns- og arbeidsvilkår. Innleigde skal være fast tilsett med løn mellom oppdrag i utleigebedrifta.*

*3. Norsk er hovudspråk på byggeplassen, både skriftleg og muntleg. Personar som har leiande*



funksjoner på byggeplassen, skal beherska norsk.

4. Alle arbeidstakere på byggeplassen skal ha kjennskap om og forstå sikkerhetsopplæring, sikkerhetsinstruksar, bruksanvisningar, varselskilt m.v. Dersom det er arbeidstakere på byggeplassen som ikkje forstår norsk, er det tilbyders ansvar at desse får sikkerhetsinstruksjonar på eit språk dei forstår.

5. Tilbyder og underentreprenørar som skal engasjeras i prosjektet, skal vera godkjende og aktive lærlingbedriftar. Lærling(ar) skal delta i arbeidet med utførelse av den aktuelle kontrakten. Evt. unntak skal særskilt begrunnas.

6. Avtale om underentreprise med enkeltpersonforetak skal avtalas med byggherren.

7. Byggherren tillater ikkje meir enn to ledd i kontraktskjeda. Byggherren kan godkjenne tre ledd når det forelegg ein god begrunnelse. Det skal aldri vera meir enn tre ledd i kontraktskjeda. Hovedentreprenøren regnes som første ledd. Bemanningsforetak etter AML's § 14.2 reknas som eit ledd i kontraktskjeda.

8. Byggherren kan krevja dagmulkt dersom tilbyder sjølv eller noken av hans kontraktsmedhjelpare anvender ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft og forholdet ikkje er blitt retta innan ein frist gitt ved skriftleg varsel frå kommunen. Mulkten løper frå fristens utløp til forholdets opphør.

9. Tilsette skal ikkje ha dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn vilkåra som er fastsatt i tariffavtale for tilsvarende arbeidare innafor den aktuelle bransje. Dette gjeld og innleigd arbeidskraft. Ved konstatert brot på ovannevnte bestemmelse, og tilbyder ikkje har rettet feilen innan fristens utløp, kan byggherren heva kontrakten. Evt. andre sanksjonsmoglegheitlar kan avtalas i kontrakt.

10. Tilbyder skal på oppfordring leggja fram dokumentasjon om løns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette. Alle avtalar tilbyder inngår, og som inneber utføring av arbeid under gjeldande kontrakt, skal innehalde tilsvarande dokumentasjon.

11. Løn og anna godtgjersle for samtlege arbeidstakere skal utbetales til konto i bank. Byggherren skal i tillegg til dei vanlege dokumentasjonskrava kunne følgje pengestrømmen ut til dei tilsette.

12. Tilbyder skal dokumentera at majoriteten av dei tilsette (også evt. innleigde) er faglærde innafor sitt fagområde. Med faglærde forstås fagbrev/mesterbrev eller tilsvarande formell utdanning.

13. Alle firma i kontraktskjeda skal gje byggherren fullmakt til å innhenta relevante skatteopplysningar (SKAV-skjema) fra Skatteetaten, både før kontraktsinngåing og i heile kontraktsperioden.

14. Det skal vera elektronisk adgangskontroll på byggeplassen.

15. Tilbyder pliktar å sørgje for at likelydande bestemmelsar (pkt. 1-14) inntas i kontraktar med underentreprenørar.

Samnanger kommune krev at tilbydare forhold seg til intensjonar i dette vedtaket som er å fremmjæ eit seriøst arbeidsliv med bruk av faste tilsette.

Omgåing og tilpasningar vil ikkje verta akseptert, og kan føra til at byggherren opphevar kontrakt.

## **25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) og Øyvind Strømmen (Mdg) bad om at det til handsaminga i kommunestyret vert lagt fram meir informasjon om kva reglar innkjøpslovverket har om krav til arbeidsvilkår m.m. (jf. punkt 5.3 i Samnanger sitt økonomireglement). Øyvind Strømmen bad òg om at administrasjonen legg fram informasjon om kva reglar andre kommunar og fylkeskommunen har om dette i sine innkjøpsreglement. Formannskapet slutta seg til desse ønska, og gav administrasjonen i oppgåve å leggja fram slik informasjon til kommunestyret si handsaming av saka. Øyvind Strømmen orienterte om at han vil skriva ein protokollmerknad om dette.

Med denne presiseringa vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

#### **FORM- 048/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til nytt innkjøpsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld med verknad frå 09.11.2018.

Punkt 5.1 i økonomireglementet vert med verknad frå 09.11.2018 endra til:

*«Rådmannen skal leggja fram framlegg til investeringar ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjettet. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for - og pålegg om - at investeringsprosjekt skal detaljplanleggjast og gjennomførast.*

*Sjølv om eit investeringsprosjekt er vedteke i årsbudsjettet, kan det ikkje setjast i gang før det er gjort vedtak om dette av kompetent mynde. Følgjande reglar gjeld i slike tilfelle:*

- Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på opptil 10 millionar kroner, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*
- Vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på over 10 millionar kroner må gjerast av kommunestyret, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*

*Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån som kommunestyret har gjort vedtak om i finansieringsplanen for eit investeringsprosjekt. Investeringsprosjekt kan ikkje setjast i gang før endeleg finansiering er i orden.*

*Fullmakt til å velja leverandør/leverandørar i investeringsprosjekt er delegert til rådmannen, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*

*Avvik mellom kostnadsoverslag og prosjektrekneskap skal snarast mogleg rapporterast til formannskapet og kommunestyret.»*

Punkt 5.3 i økonomireglementet vert sett ut av kraft med verknad frå 09.11.2018.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til nytt innkjøpsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld med verknad frå 09.11.2018.

Punkt 5.1 i økonomireglementet vert med verknad frå 09.11.2018 endra til:

*«Rådmannen skal leggja fram framlegg til investeringar ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjettet. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for - og pålegg om - at investeringsprosjekt skal detaljplanleggjast og gjennomførast.*

*Sjølv om eit investeringsprosjekt er vedteke i årsbudsjettet, kan det ikkje setjast i gang før det er gjort vedtak om dette av kompetent mynde. Følgjande reglar gjeld i slike tilfelle:*

- Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på opptil 10 millionar kroner, dersom ikkje kommunestyret bestemmer*

noko anna.

- Vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på over 10 millionar kroner må gjerast av kommunestyret, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.

Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån som kommunestyret har gjort vedtak om i finansieringsplanen for eit investeringsprosjekt. Investeringsprosjekt kan ikkje setjast i gang før endeleg finansiering er i orden.

Fullmakt til å velja leverandør/leverandørar i investeringsprosjekt er delegert til rådmannen, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.

Avvik mellom kostnadsoverslag og prosjektrekneskap skal snarast mogleg rapporterast til formannskapet og kommunestyret.»

Punkt 5.3 i økonomireglementet vert sett ut av kraft med verknad frå 09.11.2018.

## **SAKNR. 048/2018: Fastsetjing av planprogram for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet - Kvamskogen**

### **08.11.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Naturutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS- 048/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune vedtek planprogram i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf § 4-1 for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet.

### **23.10.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Planleggar Roald Aandalh orienterte om alternativa.

Framlegg til vedtak vart samrøyses vedteke.

### **NAT- 016/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune vedtek planprogram i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf § 4-1 for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet - Kvamskogen.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vedtek planprogram i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf § 4-1 for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet.